



MØTEPROTOKOLL

Utval: Plan- og miljøutvalet
Møtestad: Kantina, rådhuset,
Dato: 13.06.2012
Tidspunkt: 12:30 – 17:10
Frå sak nr: 95/12 – 113/12

Følgjande medlemmer møtte:

Namn	Representerer
Jan-Erik Hope	H
Ingrid Hindenes	H
Halvard J. Rydland	H
Sæbjørg Hageberg Kjeka	KRF
Ståle Juvik Hauge	AP
Astrid Namtvedt Sylta	AP
Henriette Mjøs	FRP

Følgjande medlemmer møtte ikkje:

Namn	Representerer
Kåre Romarheim	KRF
Kjetil Gjerstad	SP

Følgjande varamedlemmer møtte:

Namn	Repr.	Møtte for
Alf Magnar Angelskår	KRF	Kåre Romarheim
Laila Bjørge	SP	Kjetil Gjerstad

Følgjande frå administrasjonen møtte:

Namn	Stilling
Sveinung Toft	fagleiar plan
Einar Urheim	fagleiar byggesak
Tor Hegle	einingsleiar
Tove Mette Fyllingen	sekretær

Diverse merknader:

Orientering om tunnel i Knarvik og viltfond før møtet starta.

Sak 106/12 vart handsama etter sak 103/12

Det vart diskutert "sommarfullmakt" i dispensasjonssaker – areal- og miljøeininga. Sak vert lagt fram for kommunestyret 21.06.2012.

Jan-Erik Hope
leiar

Henriette Mjøs

Ingrid Hindenes

Saksnr	Innhald	
PS 95/12	Godkjenning av møteprotokoll frå 09.05.2012	
PS 96/12	Underskrift av dagens møteprotokoll	
PS 97/12	Delegerte saker	
PS 98/12	Referat saker	
PS 99/12	Klage på avslag på søknad om dispensasjon gbnr 123/63 garasje Risasjøen	<i>synfaring</i>
PS 100/12	Ny handsaming av klagesak: Avslag på søknad om riving av våningshus – gbnr 47/3 Vefjell	
PS 101/12	Klage. Søknad om deling gbnr 155/35 Monstad.	<i>synfaring</i>
PS 102/12	Reguleringsplan Storemyra næringsområde - 2. gangs handsaming	<i>synfaring</i>
PS 103/12	Reguleringsplan Eidsnes næringsområde - første gangs handsaming	
PS 104/12	Klagehandsaming reguleringsplan Vindkallen – klage på vedteken reguleringsplan	
PS 105/12	Ny handsaming av klage på reguleringsplan for Haghaugen gbnr.134/1 og 3 m.fl.	
PS 106/12	1. gangs handsaming av reguleringsplan for Eikanger næringsområde	
PS 107/12	1. gangs framlegg reguleringsplan Kvamme - Fossevatn, utbetring av Fv 404	
PS 108/12	1. gangs framlegg til reguleringsplan for Hilland Vest - Felt 7 del II gnr. 134 bnr. 4	
PS 109/12	Mindre endring av reguleringsplan for Leiknes Midtgård gnr. 196 bnr. 4	
PS 110/12	Fråsegn til melding om Stusdal minikraftverk	
PS 111/12	Dispensasjonssak - garasje på - gbnr 245/9 og 14 Kvamme (Ostereidet)	
PS 112/12	Klage på avslag om dispensasjon frå Kommuneplanen i samband med søknad om bruksendring frå hytte til bustad på gnr 171 bnr 37- Seim.	
PS 113/12	Dispensasjon frå reguleringsplan for etablering av jord/støyvoll lang E 39 Gbnr 196/141	

PS 95/12 Godkjenning av møteprotokoll frå 09.05.2012

Handsaming i Plan- og miljøutvalet - 13.06.2012

Ingen merknader.

Samrøystes. Protokollen frå 09.05.2012 er godkjent.

Vedtak i Plan- og miljøutvalet - 13.06.2012

Protokollen frå 09.05.2012 er godkjent.

PS 96/12 Underskrift av dagens møteprotokoll

Handsaming i Plan- og miljøutvalet - 13.06.2012

Framlegg om Henriette Mjøs og Ingrid Hindenes i tillegg til leiar.
Samrøystes

Vedtak i Plan- og miljøutvalet - 13.06.2012

Henriette Mjøs og Ingrid Hindenes er vald i tillegg til leiar.

PS 97/12 Delegerte saker

Handsaming i Plan- og miljøutvalet - 13.06.2012

Ingen merknader.
Samrøystes

Vedtak i Plan- og miljøutvalet - 13.06.2012

Meldinga er teke til orientering.

PS 98/12 Referat saker

Handsaming i Plan- og miljøutvalet - 13.06.2012

Ingen merknader.
Samrøystes

Vedtak i Plan- og miljøutvalet - 13.06.2012

Meldinga er teke til orientering.

PS 99/12 Klage på avslag på søknad om dispensasjon Gbnr 123/63 Garasje Risasjøen

Rådmannen gjer slikt framlegg til vedtak:

Det vert vist til klage på vedtak fatta av administrasjonen den 28.02.2012.

” Kommunen gjev avslag på søknad om dispensasjon frå PBL §§ 1-8, 11-6 (arealdelen i kommuneplanen) motteke 28.02.2011, jf plan- og bygningslova § 19.”

Kommunen kan ikkje sjå at det er kome inn nye moment i saka som gjev grunn til å endra på vedtaket. Vedtak av 28.02.2012 vert oppretthalde.

I samsvar med PBL § 1-9 vert saka oversendt Fylkesmannen i Hordaland for endeleg avgjerd.

Handsaming i Plan- og miljøutvalet - 13.06.2012

Utvalet var på synfaring før møtet starta.
Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Plan- og miljøutvalet - 13.06.2012

Rådmannen sitt framlegg er vedteke.

PS 100/12 Ny handsaming av klagesak: Avslag på søknad om riving av våningshus - gbnr 47/3 Vefjell

Rådmannen gjer slikt framlegg til vedtak:

Alternativ 1:

Med tilvisning til klagebrev, datert 02.01.11, vurdering i klagesak lagt fram 11.05.2011, brev frå tiltakshavar motteke 23.02.2012 og uttale frå fagleiar landbruk, kan ikkje utvalet sjå at det er komme inn nye moment som skulle tilseia ei endring av tidligare avgjerd. Plan- og miljøutvalet vil oppretthalda administrativt vedtak, datert 09.12.10:

"Lindås kommune gjev, med heimel i Plan- og bygningslova §§ 1-1 og 1-4 avslag til riving av våningshus på Gnr 47 Bnr 3 som omsøkt. Grunngevinga går fram av saksutgreiinga og vurderinga ovanfor."

Alternativ 2:

Plan- og miljøutvalet viser til dei nye opplysningane som har komme fram, og finn å kunna ta klagen til følgje.

Med heimel i Plan- og bygningslova § 20-1 vert det gjeve rammeløyve for riving i samsvar med søknad, og på følgjande vilkår:

1. Det må ikkje settast igang arbeid før igangsettingsløyve ligg føre.
2. Vedtaket skal sendast til Hordaland fylkeskommune til klagevurdering.

Handsaming i Plan- og miljøutvalet - 13.06.2012

Utvalet var på synfaring før møtet starta.

J.E.Hope var ugild i handsaming av denne saka, I.Hindenes leia møtet.

Framlegg frå L.Bjørge-Sp:

Rådmannen sitt framlegg alt 2.med tillegg.

Grunngeving for vedtaket.

Plan- og miljøutvalet finn ikkje at huset har spesielt høg verneverdi. Det er påbygd/ombygd fleire gonger og er ikkje ei autentisk lemstove. Det er ikkje spesielt for området, då det er mange tilsvarande hus i bygdene rundt. Huset er i dårleg stand med alvorleg fukt og råteskade, og det må omfattande restaureringsarbeid til for å oppfylle dagens krav til bustad. Området sine kvalitetar som kulturmiljø kan ivaretakast ved at hustype og plassering på det nye huset vert tilpassa den stadeigne byggjeskikken og kulturminna som er i området.

Framlegget vart samrøystes vedteke.

Vedtaket i Plan- og miljøutvalet - 13.06.2012

Plan- og miljøutvalet viser til dei nye opplysningane som har komme fram, og finn å kunna ta klagen til følgje.

Grunngeving for vedtaket.

Plan- og miljøutvalet finn ikkje at huset har spesielt høg verneverdi. Det er påbygd/ombygd fleire gonger og er ikkje ei autentisk lemstove. Det er ikkje spesielt for området, då det er mange tilsvarande hus i bygdene rundt. Huset er i dårleg stand med alvorleg fukt og råteskade, og det må omfattande restaureringsarbeid til for å oppfylle dagens krav til bustad. Området sine kvalitetar som kulturmiljø kan ivaretakast ved at hustype og plassering på det nye huset vert tilpassa den stadeigne byggjeskikken og kulturminna som er i området.

Med heimel i Plan- og bygningslova § 20-1 vert det gjeve rammeløyve for riving i samsvar med søknad, og på følgjande vilkår:

1. Det må ikkje settast igang arbeid før igangsettingsløyve ligg føre.
2. Vedtaket skal sendast til Hordaland fylkeskommune til klagevurdering.

PS 101/12 Klage. Søknad om deling gbnr 155/35 Monstad.

Rådmannen gjer slikt framlegg til vedtak:

Lindås kommune har vurdert dei argumenta som er sett fram i klagen. Ein kan ikkje sjå at det er komme fram moment som ikkje alt er vurdert.

Lindås kommune opprett held tidlegare vedtak i saka, og gjev ikkje dispensasjon frå gjeldande arealplan, eller løyve til deling av gbnr155/35.

Klagen vert ikkje teke til følgje.

Handsaming i Plan- og miljøutvalet - 13.06.2012

Utvalet var på synfaring før møtet starta.

Framlegg frå I.Hindenes-H:

Plan- og miljøutvalet gjev klagar medhald og gjev dispensasjon frå gjeldane arealplan og gjev løyve til deling av gbnr 155/35.

Tomta ligg i naturleg bustadområde. Området vert ikkje brukt til landbruk i dag.

Bustadbygging vil gje ei naturleg fortetting. Ein kan ikkje sjå at dispensasjon gjev negative konsekvensar i samband med helse, miljø, tryggleik og tilgjenge jf.§19-2 i pbl.

Fordelane med dispensasjon er klart større enn ulempene. Statens vegvesen har godkjent vegløyving. Dispensasjonen vert gjeve for bygging av maks 2 bueningar.

Saka vert sendt regionale mynde til uttale før endeleg vedtak kan fattast.

Framlegget vart vedteke med 8 røyster.

Rådmannen sitt framlegg fekk 1 røyst og fall (L.Bjørge-Sp)

Vedtak i Plan- og miljøutvalet - 13.06.2012

Plan- og miljøutvalet gjev klagar medhald og gjev dispensasjon frå gjeldane arealplan og gjev løyve til deling av gbnr 155/35.

Tomta ligg i naturleg bustadområde. Området vert ikkje brukt til landbruk i dag.

Bustadbygging vil gje ei naturleg fortetting. Ein kan ikkje sjå at dispensasjon gjev negative konsekvensar i samband med helse, miljø, tryggleik og tilgjenge jf.§19-2 i pbl.

Fordelane med dispensasjon er klart større enn ulempene. Statens vegvesen har godkjent vegløyving. Dispensasjonen vert gjeve for bygging av maks 2 bueningar.

Saka vert sendt regionale mynde til uttale før endeleg vedtak kan fattast.

PS 102/12 Reguleringsplan Storemyra næringsområde - 2. gangs handsaming

Rådmannen gjer slikt framlegg til vedtak:

I medhald av plan- og bygningslova § 12-12, godkjenner kommunestyret framlegg til reguleringsplan Storemyra næringsområde, Mongstad, gbnr 127/11,125,126 m.fl., med følgjande endringar og vilkår:

1. Føresegn 3.1, første rad vert endra til:

" Når inntil 70% av området N1-N3 er bygd ut, vert det stilt krav om ny tilkomstveg frå Hope før ytterlegare søknad om tiltak som nemnt i pbl § 20-1 kan godkjennast.

Når inntil 70% av området N1-N3 er bygd ut, vert det stilt krav om opparbeiding av parkbeltet langs den nye tilkomstvegen frå Hope før det kan gjevast midlertidig bruksløyve for byggetiltak i område N1-N3.

Handsaming i Plan- og miljøutvalet - 13.06.2012

Framlegg frå H, Ap, Frp og Krf:

Som rådmannen første avsnitt.

Endringar:

Føresegner §3 – rekkefølgekav 3.1

Avsnitt 2 og 3: første rad i tabellen fjernast (knytt til N1, N2 og N3)

Framlegget vart vedteke mot 1 røyst (L.Bjørge-Sp)

Rådmannen sitt framlegg fekk 1 røyst og fall (L.Bjørge-Sp)

Innstilling i Plan- og miljøutvalet - 13.06.2012

I medhald av plan- og bygningslova § 12-12, godkjenner kommunestyret framlegg til reguleringsplan Storemyra næringsområde, Mongstad, gbnr 127/11,125,126 m.fl., med følgjande endringar og vilkår:

1. Føresegn 3.1, første rad vert endra til:
Avsnitt 2 og 3: første rad i tabellen fjernast (knytt til N1, N2 og N3)

PS 103/12 Reguleringsplan Eidsnes næringsområde - første gangs handsaming

Rådmannen gjer slikt framlegg til vedtak:

I medhald av plan- og bygningslova § 12-10, vedtek plan- og miljøutvalet å legge reguleringsplan for Eidsnes næringsområde ut til offentlig ettersyn, på følgjande vilkår:

Før planen vert lagt ut på ettersyn, må følgjande vere i orden:

1. I føresegn 2.3.1 vert føremål "*offentleg/privat tenesteyting*" teke ut.
2. Det vert lagt til ei føresegn 1.17: "*Det skal leggast til rette for at alle verksemder som etablerer seg innanfor planområdet skal ha tilgang til hamneområde H2*".
3. I føresegn 3.3 vert "*Pir kan tillatast etablert i den vestlege enden av kaifronten i H2*" teken ut.
4. I føresegn 6.1 vert det lagt til: "*Pir kan tillatast etablert i den vestlege enden av kaifronten i H2*". I tillegg skal det leggast inn i føresegna grenser for maksimum lengde og breidde for tiltaket og at tiltaket skal på høyring til naboar og offentlege instansar før det vert gjeve byggeløyve frå kommunen.
5. Arealføremålet "Hamneområde - H2" vert redusert med 50 meter i den austlege enden av føremålet. I tillegg skal dei austlegaste 20 meterane med næringsareal i bakkant av H2 gjerast om til friområde.
6. Plankartet skal liggja føre i godkjent sosikvalitet før planen vert sendt ut på høyring.

Handsaming i Plan- og miljøutvalet - 13.06.2012

Framlegg H, Ap, Frp og A.Angelskår-Krf:

Pkt.7 i rådmannen sitt framlegg:

Område mellom H2 i vest og H1 i aust skal endrast til hamneområde. FO vert fjerna.

Det nye hamneområdet skal vera tilgjengeleg for offentlegheita.

Rådmannen sitt framlegg med følgjande endringar:

- 1.-4. rådm.: Framlegget vart samrøystes vedteke
 5. rådm: framlegget fekk 2 røyster (mot Kjeka-Krf og Bjørge-Sp) og fall
 6. samrøystes vedteke
- Nytt pkt 7: framlegget vart vedteke med 7 røyster (mot Kjeka-Krf og Bjørge-Sp)

Vedtak i Plan- og miljøutvalet - 13.06.2012

I medhald av plan- og bygningslova § 12-10, vedtek plan- og miljøutvalet å legge reguleringsplan for Eidsnes næringsområde ut til offentlig ettersyn, på følgjande vilkår:

Før planen vert lagt ut på ettersyn, må følgjande vere i orden:

1. I føresegn 2.3.1 vert føremål "*offentleg/privat tenesteyting*" teke ut.

2. Det vert lagt til ei føresegn 1.17: "Det skal leggast til rette for at alle verksemder som etablerer seg innanfor planområdet skal ha tilgang til hamneområde H2".
3. I føresegn 3.3 vert "Pir kan tillatast etablert i den vestlege enden av kaifronten i H2" teken ut.
4. I føresegn 6.1 vert det lagt til: "Pir kan tillatast etablert i den vestlege enden av kaifronten i H2". I tillegg skal det leggast inn i føresegna grenser for maksimum lengde og breidde for tiltaket og at tiltaket skal på høyring til naboar og offentlege instansar før det vert gjeve byggeløyve frå kommunen.
5. Plankartet skal liggja føre i godkjent sosikvalitet før planen vert sendt ut på høyring.
6. Det nye hamneområdet skal vera tilgjengeleg for offentlegheita.
7. Område mellom H2 i vest og H1 i aust skal endrast til hamneområde. FO vert fjerna. Det nye hamneområdet skal vera tilgjengeleg for offentlegheita.

PS 104/12 Klagehandsaming reguleringsplan Vindkallen - klage på vedteken reguleringsplan

Rådmannen gjer slikt framlegg til vedtak:

Plan- og miljøutvalet har vurdert dei to klagenesom gjeld vedtaket gjort i kommunestyret 22.09.2011, sak 102/11. Utvalet kan ikkje sjå at dei fire opphavlege klagenes eller dei to siste klagenes set fram moment som gjer grunn til å endre reguleringsplanen. Utvalet vurderer det til at momenta som det vert peika på i tilstrekkeleg grad er ivareteke i saksutgreiinga og planmaterialet, og tek dermed ikkje klagenes til følgje.

Det vert vist til vurderingar i saka.

Saka vert i medhald av plan- og bygningslova § 1-9 sendt over til Fylkesmannen i Hordaland for endeleg avgjerd.

Handsaming i Plan- og miljøutvalet - 13.06.2012

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

Vedtaket i Plan- og miljøutvalet - 13.06.2012

Rådmannen sitt framlegg er vedteke.

PS 105/12 Ny handsaming av klage på reguleringsplan for Haghaugen gbnr.134/1 og 3 m.fl.

Rådmannen gjer slikt framlegg til vedtak:

Klage frå Terje Remme på reguleringsplan for Haghaugen gnr. 134 bnr 1 og 3 m fl, vedteken av kommunestyret 28.10.10 (sak 96/10), vert ikkje teken til følgje. Saka vert sendt over til Fylkesmannen i Hordaland for endeleg avgjerd.

Handsaming i Plan- og miljøutvalet - 13.06.2012

Utdelt i møtet:

Frå Advokatfirma Høgseth dat.04.06.2012 – reguleringsplan Haghaugen, ny behandling i plan- og miljøutvalet.

Fellesframlegg:

Tillegg til rådmannen sitt framlegg:

Plan- og miljøutvalet har vurdert moment framsett i brev frå klagar ved advokat Høgseth dat.04.06.2012. Plan- og miljøutvalet kan ikkje sjå at momenta skal føra til at klagar får medhald.

Framlegget vart samrøystes vedteke.

Vedtaket i Plan- og miljøutvalet - 13.06.2012

Klage frå Terje Remme på reguleringsplan for Haghaugen gnr. 134 bnr 1 og 3 m fl,

vedteken av kommunestyret 28.10.10 (sak 96/10), vert ikkje teken til følgje.

Plan- og miljøutvalet har vurdert moment framsett i brev frå klagar ved advokat Høgseth dat.04.06.2012. Plan- og miljøutvalet kan ikkje sjå at momenta skal føra til at klagar får medhald.

Saka vert sendt over til Fylkesmannen i Hordaland for endeleg avgjerd.

PS 106/12 1. gangs handsaming av reguleringsplan for Eikanger næringsområde

Rådmannen gjer slikt framlegg til vedtak:

Plan- og miljøutvalet godkjenner at reguleringsplanen for Eikanger næringsområde vert lagt ut til offentleg ettersyn i medhald av plan- og bygningslova sin § 12-10 på følgjande vilkår:

- Føremålet offentleg og privat tenesteyting vert teke ut i føresegn 2.3.1.
- Plankartet skal liggja føre i godkjent sosikvalitet før planen vert sendt ut på høyring.

Handsaming i Plan- og miljøutvalet - 13.06.2012

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Plan- og miljøutvalet - 13.06.2012

Rådmannen sitt framlegg er vedteke.

PS 107/12 1. gangs framlegg reguleringsplan Kvamme - Fossevatn, utbetring av Fv 404

Rådmannen gjer slikt framlegg til vedtak:

Plan- og miljøutvalet godkjenner at reguleringsplanen for Kvamme – kryss Fossevatnet, utbetring av Fv 404 vert lagt ut til offentleg ettersyn i medhald av plan- og bygningslova sin § 12-10.

Handsaming i Plan- og miljøutvalet - 13.06.2012

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Plan- og miljøutvalet - 13.06.2012

Rådmannen sitt framlegg er vedteke.

PS 108/12 1. gangs framlegg til reguleringsplan for Hilland Vest - Felt 7 del II gnr. 134 bnr. 4

Rådmannen gjer slikt framlegg til vedtak:

Plan- og miljøutvalet godkjenner at reguleringsplanen for Hilland Vest – felt 7 vert lagt ut til offentleg ettersyn i medhald av plan- og bygningslova sin § 12-10 på følgjande vilkår:

- I punkt 4.2.3 i føresegna skal BK01 rettast til BK02.
- Det bør setjast av minimum ein HC-plass knytt til felt f-BK01 og to HC plassar til felt f-BK02 og ein HC-plass på f-PP04 ved kaien. Dette må inn i føresegnene.

Handsaming i Plan- og miljøutvalet - 13.06.2012

Saka vart utdelt i møtet då det var feil i rådmannen sitt framlegg i opphavleg utsendt sak i rådmannen sitt framlegg.

Framlegg Ap, Krf, Sp og H:

Plan- og miljøutvalet sender planen attende og bed om fylgjande endringar:

- PP03 parkeringsplass vert redusert og vurdert flytta

- Forsamlingshus vert fjerna frå plan
- Kai skal vera tilgjengeleg frå ålmenta.
- Slip/båtutsettingsplass skal vera open for ålmenta
- Det skal etablerast gjesteplasser i båtanlegg
- Inngripen i strandsone må reduserast
- PP03 og PP04 skal vera offentleg.

Framlegget vart vedteke mot ei røyst (Mjøs-Frp).

Vedtak i Plan- og miljøutvalet - 13.06.2012

Plan- og miljøutvalet sender planen attende og bed om fylgjande endringar:

- PP03 parkeringsplass vert redusert og vurdert flytta
- Forsamlingshus vert fjerna frå plan
- Kai skal vera tilgjengeleg frå ålmenta.
- Slip/båtutsettingsplass skal vera open for ålmenta
- Det skal etablerast gjesteplasser i båtanlegg
- Inngripen i strandsone må reduserast
- PP03 og PP04 skal vera offentleg.

PS 109/12 Mindre endring av reguleringsplan for Leiknes Midtgård gnr. 196 bnr. 4

Rådmannen gjer slikt framlegg til vedtak:

Plan- og miljøutvalet vedtek mindre endring av reguleringsplan for Leiknes-Midtgård gnr. 196 bnr. 4. Det vert vist til reguleringsføresegner dagsett 16.04.2012.

Handsaming i Plan- og miljøutvalet - 13.06.2012

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Plan- og miljøutvalet - 13.06.2012

Rådmannen sitt framlegg er vedteke.

PS 110/12 Fråsegn til melding om Stusdal minikraftverk

Rådmannen gjer slikt framlegg til vedtak:

Plan- og miljøutvalet rår til at Stusdal minikraftverk kan handsamast vidare utan at det vert naudsynt med konsesjonssøknad. Det vert vist til saksutgreinga og vurderinga gjort i saka.

Handsaming i Plan- og miljøutvalet - 13.06.2012

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Plan- og miljøutvalet - 13.06.2012

Rådmannen sitt framlegg er vedteke.

PS 111/12 Dispensasjonssak - garasje på - gbnr 245/9 og 14 Kvamme (Ostereidet)

Rådmannen gjer slikt framlegg til vedtak:

1. Med heimel i plan-og bygningslova § 19-1 jf § 19-2 og grunngjeving i saksvurderinga, vert det dispensert frå pbl § 11-6 (LNFR i kommuneplanen) og frå pbl § 1-8 (forbod mot bygging i 100-metersbeltet langs sjøen, for oppføring av garasje.

2. Med heimel i plan-og bygningslova § 20-2 vert det gitt løyve til oppføring av garasje på følgjande vilkår:

1. Tiltakshavar er ansvarleg for at arbeidet vert utført i samsvar med gjeldande lover og forskrifter, (SAK § 12-1, TEK kap10).
2. Arbeida må vera sett i gang seinast 3 år etter at søknad om dispensasjon er godkjent, elles fell dispensasjonen og løyvet bort. Det same gjeld dersom arbeida er innstilt i meir enn 2 år, jf pbl § 21-9. Fristane kan ikkje forlengast.

Dispensasjonsvedtaket skal sendast til fylkesmannen Hordaland og til Hordaland fylkeskommune til klagevurdering.

Handsaming i Plan- og miljøutvalet - 13.06.2012

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Plan- og miljøutvalet - 13.06.2012

Rådmannen sitt framlegg er vedteke.

PS 112/12 Klage på avslag om dispensasjon frå Kommuneplanen i samband med søknad om bruksendring frå hytte til bustad på Gnr 171 B nr 37- Seim.

Rådmannen gjer slikt framlegg til vedtak:

Det vert vist til klage på vedtak fatta i Plan- og Miljøutvalet den 14.12.2011.

” Lindås kommune avslår med heimel i plan og bygninslova §§ 1-1, 1-6, 11-6 2.ledd og 19-2 søknad om dispensasjon for bruksendring av hytte til bustad i LNF- område i kommuneplanen.

For grunngjeving vert det vist til saksframstillinga.”

Kommunen kan ikkje sjå at det er kome inn nye moment i saka og tek ikkje klagen til følgje. Vedtak av 14.12.2011 vert oppretthalde.

I samsvar med PBL § 1-9 vert saka vert oversendt Fylkesmannen i Hordaland for endeleg avgjerd.

Handsaming i Plan- og miljøutvalet - 13.06.2012

Framlegg frå H.Rydland-H:

Plan- og miljøutvalet gjev klagar medhald og støttar søknad om dispensasjon for bruksendring frå hytte til bustad i LNF-område i kommuneplanen.

Grunnlaget for dette er at hytta ligg i område med bebygging, og at fordelene er større enn ulempene.

Føresetnadene for vedtaket er at det føreligg ein godkjent vegløyising for eigedomen.

Framlegget fekk 3 røyster og fall (Hindenes-H, Rydland-H og Mjøs Frp)

Rådmannen sitt framlegg vart vedteke med 6 røyster.

Vedtak i Plan- og miljøutvalet - 13.06.2012

Rådmannen sitt framlegg er vedteke.

PS 113/12 Dispensasjon frå reguleringsplan for etablering av jord/støyvoll lang E 39 Gbnr 196/141

Rådmannen gjer slikt framlegg til vedtak:

Lindås kommune gjev, med heimel i PBL § 19-2, dispensasjon frå byggeline mot hovudveg samt dispensasjon frå arealbruken, for etablering av støy /jordvoll mot E 39. som omsøkt og på fylgjande vilkår:

- Anleggsveg oppå eksisterande fylling skal fjernast.
- Jordvollane og terrenget skal gjødslast og såast til med beitefrøblanding.
- Det skal utarbeidast ein plan for tilplanting av vollane og dei planerte områda. Planen skal utarbeidast av kvalifisert firma innan landskapsarkitektur. Planen skal inkludere tilplanting med trær av type som naturleg høyrer heime i området. Tilplantinga skal utformast på ein mest mogleg naturleg måte. Landskapsplanen skal godkjennast av byggesaksavdelinga.
- Det skal utarbeidast ein plan for drenering og overflatevatn av vollane og dei planerte områda. Utomhusplanen skal godkjennast av byggesaksavdelinga.
- Landskapsplanen og utomhusplanen skal utarbeidast med særleg omsyn til helse, miljø og tilgjenge for ålmenta.

Grunngjevinga går fram av saksutredninga

Handsaming i Plan- og miljøutvalet - 13.06.2012

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Plan- og miljøutvalet - 13.06.2012

Rådmannen sitt framlegg er vedteke.